2026-2027

Nordbygdo ungdomsskule



Den opne og aktive skulen















Innhold

Velkomen til eit nytt skuleår! 4
Tilsette skuleåret 2026-2027 5
Telefonnummer til skulen 6
Inndeling av skuledagen 7
Kantina 7
Heimesida 7
Sosialrådgjevingstenesta. 8
Utdanningsrådgjeving - utdanningsval. 8
Skulehelsetenesta ved Nordbygdo Ungdomsskule 9
Skuleområdet 10
Viktige presiseringar 10
VISMA – fråværsregistrering og kommunikasjonssystem 11
Læringsplattform 11
Skuleruta for grunnskulane Stord kommune 2026-2027 12
Nordbygdo ungdomsskule er ein MOT-skule 13
Ungdomsteamet 14
Bruk av datautstyret ved Nordbygdo ungdomsskule 15
Reglement for orden og åtferd i grunnskulane i Stord kommune 15
Permisjon for elevar ved Nordbygdo ungdomsskule 20
Forsikring og erstatningsansvar 21
Undervisning for elevar på ettermiddag og kveldstid 22
Bruk av bilete 23
Svarslipp Nordbygdo ungdomsskule 2026 -2027 25

Kjære elevar og føresette!

Velkomen til eit nytt skuleår!

Enten du skal byrja på 8. trinn, ta fatt på eit nytt år på 9. trinn eller gå inn i ditt siste år på ungdomsskulen, gler me oss til å møta deg og ta fatt på eit nytt skuleår saman.

Eit nytt skuleår er alltid spennande. Det gir oss nye moglegheiter til å læra noko nytt, utvikla oss, ta på oss utfordringar og meistra noko me ikkje har gjort før. Men eit nytt skuleår handlar ikkje berre om fag og karakterar. Det handlar også om vennskap, gode opplevingar og fellesskap. Me veit at kvar ungdom kjem til skulen med ulike erfaringar, styrkar og draumar, og me ønskjer at alle skal oppleva at dei høyrer til, og at dei betyr noko i fellesskapet vårt.

Å høyra til er viktig for oss alle. Her på Nordbygdo har me fokus på å sei **hei**. Det høyrest kanskje enkelt ut, men eit hei kan gjera ein stor skilnad. Eit hei viser at me ser kvarandre. Eit hei skaper kjensla av tilhøyrsle. Eit hei kan gjera dagen betre, både for den som seier det og den som får det. Og kanskje kan eit hei vera starten på eit nytt vennskap.

Som **MOT-skule** arbeider me kvar dag for å skapa eit trygt og inkluderande skulemiljø. Verdiane i MOT handlar om å visa mot til å leva, mot til å bry seg og mot til å seia nei. For oss handlar dette om å ta vare på kvarandre, inkludera kvarandre og bidra til at alle kjenner seg som ein viktig del av fellesskapet. Eit enkelt «hei» er ofte ein god start.

Kvart år får 8. trinnet ein grøn plante som dei skal ta vare på gjennom ungdomskuletida. Ein plante treng omsorg og næring for å veksa og trivast. Det same gjeld vennskap og relasjonar. Planta er eit symbol på at gode relasjonar må stellast og utviklast over tid. Ho minner oss også om kor viktig det er å våga å strekka seg mot noko nytt og utvikla seg, både fagleg, sosialt og personleg.

Her på Nordbygdo har me ei tydeleg forventing om at me er greie med kvarandre. I avslutningstalen til 10. trinn i vår sa eg mellom anna:

«No startar du med blanke ark. Ver høfleg, open og raus. Du kjem lengst med det – alltid.»

Så enkelt, og til tider så vanskeleg, kan det vera.

Eg ønskjer dykk alle eit godt skuleår fylt med læring, utvikling, vennskap og gode opplevingar. Me gler oss til å møta dykk igjen – og hugs å sei hei!

Med venleg helsing
Anneli Stokke Mæhle
Rektor

Tilsette skuleåret 2026-2027

8.trinn	E-post	Mobil	
Birte Kaldråstøyl	Birte.Kaldrastoyl@stord.kommune.no	40 21 25 69	Avdelingsleiar 8.trinn
Lars Lunde	Lars.lunde@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Thomas Kronenes	thomas.kronenes@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Kristin Hjortland Nilsen	Kristin.Hjortland.Nilsen@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Linda Karin Nylund	Linda.karin.nylund@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Veslemøy H. Nome	Veslemøy.h.nome@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Olve Engelsen	olve.engelsen@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Jens Lønning	jens.lonning@stord.kommune.no		Faglærar
Margrete L. Skorpen	Margrete.lund.skorpen@stord.kommune.no		Faglærar 8. og 10.trinn
Maria Hernandez	maria.hernandez@stord.kommune.no		Faglærar
Anne Beth Østensen	anne.beth.ostensen@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Tonje Hystad Stenberg	Tonje.hystad.stenberg@stord.kommune.no		Miljøarbeidar
Kristin Koløy	Kristin.koloy@stord.kommune.no		Sosialrådgjevar Faglærar
Magnhild Sætrevik	magnhild.saetrevik@stord.kommune.no		Miljøarbeidar
Randi Eldøy Isdal	Randi.eldoy.isdal@stord.kommune.no		Miljøarbeidar
Marianne Christensen Føyen	marianne.foyen@stord.kommune.no		Merkantil, fagarbeidar
Lilly Anne Litlabø	lilly.anne.litlaboe@stord.kommune.no		Faglærar

9.trinn	E-post	Mobil	
Maren Ulgenes Bore	Maren.ulgenes.bore@stord.kommune.no	48 29 50 01	Avdelingsleiar 9.trinn, ass.rektor
Erling Abrahamsen	erling.abrahamsen@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Anita Hammersland	anita.hammersland@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Kjersti Kolstø	kjersti.kolsto@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Johannes E. Granås	johannes.engen.granas@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Magnar Larsen	magnar.larsen@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Nora Haukanes	Nora.elisabeth.haukanes@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Teodor Bruborg Falk			Miljøarbeidar

10.trinn	E-post	Mobil	
Joar Ness Valvatna	Joar.Ness.Valvatna@stord.kommune.no	95 72 74 08	Avdelingsleiar 10.trinn Utd.rådgjevar
Nina Danmo	Nina.Danmo@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Øyvind Titlestad Sandvik	Oyvind.titlestad.sandvik@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Gisle Lie	gisle.lie@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Jorunn G. Whittaker	Jorunn.gravem.whittaker@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Are Søyland	are.soyland@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Andreas Waldal	andreas.waldal@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Elin Kristin Clausen	Elin.Kristin.Clausen@stord.kommune.no		Faglærar
Karoline Espe Klippen	karoline.espe.klippen@stord.kommune.no		Kontaktlærar
Michaela Weiss	Michaela.weiss@stord.kommune.no		Faglærar
Nina H. Baldersheim	Nina.haga.baldersheim@stord.kommune.no		Miljøarbeidar
Reidun Leknesund	Reidun.leknesund@stord.kommune.no		Miljøarbeidar
Trine Haugland	Trine.haugland@stord.kommune.no		Miljøarbeidar
Siw Sande	Siw.erna.sande@stord.kommune.no		Bibliotek/ miljøarbeidar

Telefonnummer til skulen

Kontor	Marianne C. Føyen	53 45 44 00	
Rektor	Anneli Stokke Mæhle	53 45 44 01	97 98 68 72
Avdelingsleiar 10.trinn, utdanningsrådgjevar	Joar Ness Valvatna	53 45 44 03	95 72 74 08
Avdelingsleiar 9.trinn	Maren Ulgenes Bore	53 45 44 02	48 29 50 01
Avdelingsleiar 8.trinn Assisterande rektor	Birte Kaldråstøyl	53 45 44 02	40 21 25 69
Sosialrådgjevar/ spes.ped koordinator	Kristin Koløy	41 21 37 95	

Inndeling av skuledagen

Skuledagen varar frå kl. 08.20-14.00, men basane opnar kl.08 og det er vaksne som har tilsyn fram til skulestart.

Dagen er delt inn i fire økter, der den første økta er litt lengre enn dei andre.

I den første pausen skal elevane vera ute og me oppmodar alle om å ha gode uteklede til denne pausen.

I andre pause er det matpause. Då kan elevane sitja på basen sin, i fellesarealet eller ute. I denne pausen er kantina open.

I tredje pause kan elevane velja om dei vil vera ute eller inne.

1. time	08.20-08.50	30 min
2. time	08.50-09.50	60 min
Pause	09.50-10.10	20 min
3. time	10.10-11.15	65 min
Pause	11.15-11.45	30 min
4. time	11.45-12.45	60 min
Pause	12.45-13.00	15 min
5. time	13.00-14.00	60 min

Kantina

Kantina er open kvar dag i matpausen kl. 11.15-11.45 og det er 9.trinnet som driv kantina. I hovudsak er det sal av Tineprodukt, men av og til er det sal av mat som elevane på 9.trinnet lagar. **Merk at det berre er bankkort som kan nyttast i kantina, ikkje kontantar eller mobilbetaling.**




Heimesida

Skulen har eiga nettside, som me vil prøva å halda oppdatert så godt som råd er. Du finn mellom anna informasjon om trinna, skuleruta, lenkjer til permisjonssøknad, kontaktinformasjon til Foreldreutvalet m.m.

Adressa er: http://www.stord.kommune.no/Nordbygdo-ungdomsskule/

Du finn og Nordbygdo ungdomsskule på Facebook



Sosialrådgjevingstenesta.

Sosialpedagogisk rådgjevar skal gje hjelp til elevar som har personlege, sosiale og emosjonelle vanskar som går ut over korleis dei fungerer på skulen. Hjelpa vert gjeven individuelt og i grupper og ved å vurdera og formidla hjelp til andre hjelpeinstansar i samarbeid med føresette. Dette kan vera PPT, ressursteam, helsesøster, lege, BUP eller andre fagfolk som kan vera aktuelle.



Utdanningsrådgjeving - utdanningsval.

Gjennom faget **utdanningsval** har rådgjevar i samarbeid med kontaktlærarane ansvar for informasjon, refleksjon og bevisstgjering i forhold til vidare utdanning og yrkesval. Opplæringa skal mellom anna gje elevane kompetanse i å ta val og sjå sine interesser i samanheng med mogleikar og krav i utdanningssystemet og arbeidslivet. Skulen har eit godt samarbeid med dei vidaregåande skulane i regionen, Ytre Sunnhordland Opplæringskontor og bedrifter på Stord.

Skuleåret 2026/2027

Hospitering på vidaregåande skular.

- For 10. trinn i løpet av hausten 2026
- For 9. trinn i løpet av våren 2027

Arbeidsutplassering:

- 8. trinn; ein dag på jobb med far, mor eller ein annan vaksen dei kjenner våren 2026.
- 9. trinn; fire dagar utplassering i yrkeslivet våren 2027.
- 10. trinn; ei veke utplassering i yrkeslivet haust/vinter 2026/2027

Skulehelsetenesta ved Nordbygdo Ungdomsskule



Skulehelsetenesta er eit gratis tilbod til alle elevar ved skulen 5 dagar i veka. Målsettinga med skulehelsetenesta er å fremje god helse og trivsel. Gi elevane kunnskap og støtte til å betre helse og livskvalitet samt å førebyggja problem og helseskade.

Kva kan du spørje om? Skulehelsetenesta kan gi deg råd, rettleiing eller hjelp direkte i spørsmål som har med helse å gjere. Til dømes tema som samliv og seksualitet, prevensjon, kjønnssjukdommar, abortspørsmål, kosthald, stress, psykiske problem som eteforstyrringar og sjølvskading, vonde tankar og følelsar, rusmiddel, familieproblem, bekymring for ein venn. Helsesjukepleiarane hjelper deg og med å etablere kontakt med lege, psykolog og fysioterapeut. Me har teieplikt og du får ikkje fråvær når du er der. Føresette og lærarar kan og ta kontakt. Me har teieplikt, men dersom eleven samtykkjer, samarbeider me med føresette, lærarar og rådgjevar.

Hege Jonassen Lunde & Randi Vik jobbar som helsesjukepleiarar på Nordbygdo ungdomsskule:
Måndag: 08.30-14.30. Hege

Tysdag: 08.30-14.30. Randi.

Onsdag: 08.30-14.30. Hege


Torsdag: 08.30-14.30. Hege

Fredag: 08.30-14.30. Hege

Kontaktinformasjon: Hege Jonassen Lunde. **Mobil: 45 65 54 71.** E-post: Hege.Jonassen.Lunde@stord.kommune.no

Randi Vik: **Mobil: 45 73 08 47**. E-post: Randi.Vik@stord.kommune.no

Skuleområdet



Skuleområdet har ei naturleg avgrensing mot Hystad skule/Valdeivegen/Ådland nord/granskogen/ helsesportløypa. Alle må vera innanfor skuleområdet i skuletida om ikkje anna er bestemt.

Viktige presiseringar



Lærebøker:

Elevane vil i løpet av den første skuleveka få utlevert lærebøker i dei ulike faga. Bøkene er registrert elektronisk gjennom lånesystemet vårt.

Det skal alltid leggast bokbind på alle lærebøkene.

Syklar, el-sykkel og stå-hjuling. Nye reglar

Mange av elevane syklar til skulen. Flott med litt trim. Syklane må setjast på oppstillingsplassane ved skulen og må alltid vera låste. Når elevane er på sykkeltur i skuletida, er det eit krav om å bruka sykkelhjelm.

Pengar og andre verdigjenstandar.



Elevane må passa godt på verdigjenstandar dei måtte ha med seg til skulen. Det kan vera slikt som høyretelefonar, kort, mobiltelefon o.l. Ein må aldri la desse liggja igjen på klasserom eller i garderobar. Alle elevane har fått garderobeskap og bokskap der dei bør låsa dette inn. Elevane må sjølv kjøpe hengelås til skapa sine. Mobilane blir låst inne i mobilhotell.

Mobilfri skule:

Nordbygdo ungdomsskule er ein mobilfri skule. Dersom elevane vel å ta med mobilen til skulen, skal den leggjast i eit eige mobilskap som blir låst gjennom skuledagen.

Mobilbruk på skulen fører til at mobiltelefonen vert inndregen. Eleven kan henta han etter skuletid same dag. jf. Ordensreglane.



Skade på elevane sine personlege eigendelar:

Det hender stundom at det oppstår skadar på elevane sine personlege ting. Det kan vera skadar på klede, briller, mobilar, øyretelefonar, syklar osv. Slike skadar vert ikkje erstatta av skulen. Eleven kan få erstatning dersom skulen i ein gitt situasjon har handla på ein uansvarleg måte. Dette må vurderast i kvart einskildtilfelle.

Hærverk på skulen:

Me er heldigvis lite plaga av hærverk på skulen. Dersom det likevel skulle oppstå skade på bygningar eller utstyr som ein elev har gjort, så har føresette erstatningsansvar for inntil kr. 5000,- for skade som er gjort av deira barn under 18 år jfr. skadeerstatningslova § 1-2. Skulen vil i slike saker vurdera å krevja erstatning.



Informasjon til heimen:

Informasjonsflyten mellom skulen og heimen er svært viktig. Me ynskjer at ein nyttar VISMA i størst mogleg grad i kommunikasjonen. Bytter ein mobilnummer eller e-postadresse er det viktig at ein melder skulen dette slik at informasjonen kjem fram.

VISMA – fråværsregistrering og kommunikasjonssystem

Me ynskjer at skriftleg kommunikasjon skal føregå på Visma. Med Visma Min-Skole-app kan de mellom anna

- Ta i mot og sende meldingar (heim – skule dialog)
- Registrere fråvær
- Sjå karakterar og tilbakemeldingar

Læringsplattform

Skulen nyttar seg av Teams som læringsplattform, utlevering og innlevering av oppgåver og Docendo for timeplan, dag- /vekeoversikt, informasjon om lekser mm. Docendo ligg open for føresette og elevar. Meir informasjon får de på foreldremøte i haust.

Lenkje til Docendo finn de på heimesida under trinn.

Skuleruta for grunnskulane Stord kommune 2026-2027

Månad	Dato	Merknadar	Tal skuledagar for elevane
August	13.8	Første skuledag for elevane	13
September			22
Oktober	5. til 9.10.	Haustferie	17
November	06.11	Elevfri dag / interkommunal planleggingsdag	20
Desember	18.12	Siste skuledag for elevane før jul	14
Januar	4.1	Første skuledag for elevane etter jul	19
	29.1	Elevfri dag / interkommunal planleggingsdag	
Februar	15.2 til 19.2 (**v.7**)	Vinterferie	15
Mars	22.3 til 29.3	Påskeferie	17
April	12.4	Elevfri dag / planleggingsdag	21
Mai	6.5	Kristi himmelfartsdag	18
	7.5	Elevfri dag	
	17.5	Grunnlovsdag / 2.pinsedag	
Juni	18.6	Siste skuledag for elevane før sommaren	14
Sum undervisningsdagar			**190**

Nordbygdo ungdomsskule er ein MOT-skule

MOT er ein haldningsskapande organisasjon som jobbar for og med ungdom.
MOT sitt mål er å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø.
Gjennom øvingar, historier, dialog og rollespel vert ungdom medvitne til å ta eigne val, ta vare på kvarandre og visa mot.

MOT sin visjon er eit varmare og tryggare oppvekstmiljø.

Verdiar:

- Mot til å leve
- Mot til å bry seg
- Mot til å sei nei

Prinsipp:

- Jobbe i forkant
- Sjå heile mennesket
- Forsterka det positive
- Bruke ansvarlege kulturbyggarar til å inkludera andre

www.mot.no



Nordbygdo er ein MOT- ungdomskule der alle elevane har MOT-økter jamleg gjennom alle tre åra. Fleire av desse kjem allereie fyrste halvdel av 8. trinn. Alle elevane blir lytta til og engasjert i desse øktene – ofte kan det vera ein siger i seg sjølv. Allereie før dei startar på Nordbygdo har dei hatt ei MOT-økt på barneskulen med ungdommar frå Nordbygdo.

'Nordbygdokulturen' og tema på MOT-øktene er veldig like. Omgrep som til dømes ønskeliste, flybensin, energigivar/-tappar, Stinky og Ninni, lommelykta, kritikaren og løftaren, landslaget, luft i ballongen og «drittsekken» blir viktige. Spør gjerne ungdommen heime kva desse betyr.

Ung MOTivator (UMO) er nokre ungdommar som hjelper til og er positive kulturbyggarar på skulen. Det krevst litt ekstra av desse og blir valt ut gjennom søknad og samtale med lærar og eventuelt intervju. Ein UMO skal vera ein rollemodell og godt førebilete for andre og skal gjere det lettare for andre elevar på skulen til å sei nei, leve og bry seg. Rett og slett vera med å påverke positivt til å styrke oppvekstmiljøet, og gjera overgangen til ungdomsskulen tryggare.

Fokuset både for skuleleiing, MOT- coachar, UMO og lærarar er å skape robuste ungdom som vågar å ta gode val for seg sjølve – både nå og seinare i livet.. Det å ha mot til å sei nei, til å bry seg og til å leve er grunnsteinane her.

Det handlar altså ikkje om å vera i MOT noko – det handlar om å ha MOT.

Kristin Hjortland Nilsen og Erling Arbrahamsen er våre MOT-coachar

Ungdomsteamet



Ungdomsteamet er ei oppsøkande og tilgjengeleg teneste for ungdom og unge vaksne i alderen 13 til 23 år. Tenesta er for alle ungdomar i Stord kommune og nettverket deira.

Du kan ta kontakt med oss når du ynskjer nokon trygge vaksne å prate med, eller om du skulle trenge råd, rettleiing eller hjelp, uansett kva det måtte vere.

Me bidreg også med råd og rettleiing til foreldre/pårørande og samarbeidspartnarar som tek kontakt med oss, og samarbeider med andre som har kontakt med ungdom på Stord.

Me arbeidar oppsøkande på ulike arenaer der ungdom er. Blant anna besøker me ungdomsskulane og vidaregåande skule kvar veke. Dette gjer me for å vere ein tilgjengeleg del av hjelpeapparatet for elevane.

Me har drop-in tilbod «Open stove» kvar mandag kl. 14.00-15.30 og kvar torsdag kl. 15.00-17.3.00 i Hamnegata 1, underetg. i Kulturhuset og kvar tysdag kl. 14.00-15.30 i Vassneset 1, Blåbygget i Sagvåg. «Open stove» betyr at du kan komma innom i stova utan avtale, for å spela kort eller biljard, prata om laust og fast, eller berre vera.

Dersom du vil ha råd og tips, kanskje du er bekymra for en venn og lurer på kva du skal gjera? Ring, ta kontakt på sosiale mediar eller stikk innom

Følg oss gjerne på snap!

E-postadresse: utekontakten@stord.kommune.no

Nettside: stord.kommune.no/ungdomsteamet

Kontaktpersonar:

Bodil, tlf: 97 55 21 24
Mari, tlf 46 47 21 08
Jostein, tlf 47 62 97 37



Bruk av datautstyret ved Nordbygdo ungdomsskule

Generell informasjon

- Elevane vil ved skulestart 8 trinn få utdelt kvar sin PC til skule og heimearbeid. Det er utarbeida ein særskilt avtale om bruken, sjå info under samtykke i Visma.
- Elevane får eigne brukarnamn, passord og e-postadresser. Me nyttar Office 365 for arbeid og lagring.
- Elevane får utdelt PC-mappe.
- All bruk av data ved skulen vert logga, og kan ved særskilde høve sporast attende til både maskin og brukar.
- Brukarnamn og passord er personleg, og skal ikkje lånast ut til /nyttast av andre.

Tilgang til Internett.

- Skal ikkje nyttast til søking etter, eller nedlasting av materiale eller program som ikkje er i samsvar med skulen sine ønske og etiske normer.
- Skal ikkje nyttast til å leggja ut propagandamateriell for særinteresser.
- Skal ikkje nyttast til aktivitetar som elles strir imot norsk lov.



Reglement for orden og åtferd i grunnskulane i Stord kommune

Forskrift om skulereglar og skuledemokrati for kommunale grunnskular (ordensreglement), Stord kommune, Vestland

§ 1.*Målet med skulereglane*
Skulereglane skal bidra til at elevane i grunnskulane i Stord har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

Reglane skal vidare legga til rette for at elevar og foreldre får vera med å planlegga, gjennomføra og vurdera skulen si verksemd.

§ 2.*Verkeområde*
Reglane gjeld for dei kommunale grunnskulane og skulefritidsordningane (SFO) i Stord kommune.

Reglane gjeld også grunnskuleopplæring for vaksne så langt det passar.

Reglane gjeld i skuletida når skulane har ansvar for elevane. Det vil seia i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes i leirskule og på andre turar i skulen sin regi.

Reglane gjeld også utanfor skuletida under føresetnad av at elevane si åtferd har tilstrekkeleg tilknyting til skulen, til dømes i situasjonar der elevar krenker kvarandre og det fører til at dei ikkje har det trygt og godt på skulen.

I tillegg til denne forskrifta vert kvar einskild skule gitt mynde til å gi utfyllande reglar for orden og åtferd tilpassa den einskilde skule sitt behov gjennom lokal forskrift.

Kvar einskild skule kan i lokal forskrift også fastsetja andre tiltak enn dei som kjem fram i §§ 12–16, innanfor gjeldande lovverk.

§ 3.*Omsynet til eleven sitt beste og eleven sin rett til å bli høyrd*

I alle saker som vert handsama etter denne forskrifta, skal omsynet til eleven sitt beste vera eit grunnleggande prinsipp. Skulen skal ivareta eleven sin rett til å bli høyrd.

§ 4.*Rettar*

Skulen skal gi eit opplæringstilbod i samsvar med opplæringslova og gjeldande styringsdokument.

Opplæringslova § 12-2 gir elevane rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel, og læring. Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melda saka til Statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor, jf. opplæringslova § 12-6.

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skulen.

Skulen skal legga til rette for elev- og foreldremedverknad etter opplæringslova, jf. §§ 10-2 til 10-5.

§ 5.*Vurdering av eleven sin orden og åtferd*

Vurdering i orden og åtferd skal gjerast ut frå reglane om orden og åtferd i denne forskrifta og skulen si lokale forskrift. Eleven sin orden og åtferd kan ikkje vurderast ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dette.

Kompetanse i fag skal ikkje trekkast inn i vurderinga av orden og åtferd. I vurderinga skal det takast omsyn til føresetnadane til elevane. Det skal ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthendingar med mindre dei er særleg klanderverdige eller grove, jf. forskrift til opplæringslova § 9-2.

Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårsvurdering med karakter eller i standpunktkarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd.

Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å forbetra karakteren i orden eller åtferd. Også dei siste vekene og dagane av eit skulehalvår tel med i karaktersetjinga. Det kan derfor vera tilfelle der brot på forskrifta kjem på eit så seint tidspunkt og/eller er av så alvorleg karakter, at eit slikt varsel ikkje gir eleven reell mogelegheit til å forbetra karakteren. Sjå forskrift til opplæringslova § 9-7.

§ 6.*Reglar for orden*

Reglane om orden skal bidra til at elevane tek ansvar, er godt førebudde, har gode arbeidsvanar og god arbeidsinnsats. God orden er å:

- møta presis til skuletimar og til andre avtalar
- møta førebudd til opplæringa
- gjera arbeid til rett tid og halda fristar
- ha med seg nødvendig utstyr
- halda orden.

§ 7.*Reglar for åtferd*

Reglane om åtferd skal bidra til eit godt skulemiljø og omfattar all åtferd på skulen, både mot elevar, lærarar og andre tilsette. Reglane skal klargjera kva som er ønskt åtferd.

Eleven skal visa alminneleg god åtferd, til dømes:

- vera til stades i opplæringa
- vera på skuleområdet med mindre anna er avtalt med tilsett i skulen
- møta alle med respekt uansett kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering m.m. Dette gjeld også på digitale medium.
- bidra til eit godt skulemiljø

- retta seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- ta godt vare på skulen sine eigedelar
- visa nettvett og følgja skulen sine reglar for bruk av datautstyr og digitalt utstyr
- Mobiltelefon, smartklokke, eller andre digitale einingar skal oppbevarast i tråd med § 8 i denne forskrifta
- følgja skulen sine reglar for bruk av hjelpemiddel og spesialutstyr.

Åtferd og framferd som ikkje vert akseptert:

- å forlata skuleområdet i skuletida utan at dette er avtalt med tilsett i skulen
- å mobba, eller på andre måtar krenka andre
- å ta bilete, filma, eller gjera lydopptak av andre utan at det er gitt samtykke
- å dela bilete, film, eller lydopptak av andre utan at det er gitt samtykke
- å bruka mobiltelefon, smartklokke eller andre digitale einingar i strid med § 8 i denne forskrifta
- å utøva, eller trua med vald
- å gjera hærverk
- å juksa, eller forsøka å juksa, sjå § 10
- å drikka energidrikk
- å ha med, bruka, eller vera påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- å røyka, eller bruka tobakk / snus / elektronisk sigarett. Vaksenopplæringa kan gjennom lokal forskrift tillata bruk av røyk, tobakk, snus på nærmare angjeven stad
- å ha med og/eller bruka farlege gjenstandar.

§ 8.*Bruk av mobiltelefonar og smartklokker eller andre private digitale einingar*

Mobiltelefonar og smartklokker, eller andre private digitale einingar er ikkje ein del av læringsteknologien til skulen og skulen kan ikkje pålegga elevane å bruka desse i opplæring. Dette blant anna ut i frå gratisprinsippet.

Mobiltelefonar og smartklokker, eller andre private digitale einingar skal gjennom heile skuledagen, inkludert friminutt, vera slått av og ligga på stad skulen har bestemt i lokal forskrift. Dersom ikkje skulen i lokal forskrift har bestemt stad skal dette ligga i skulesekken.

Enkeltelevar med særskilde behov knytt til helse, sosial samhandling, eller læring kan etter avtale ha tilgang til mobiltelefonar og smartklokker, eller andre private digitale einingar.

Skulen dekker som hovudregel ikkje tap eller skade på mobiltelefonar og smartklokker eller andre private digitale einingar og tilrår at dette ligg att heime.

§ 9.*Fråvær*

Eleven skal vera til stades under opplæringa dersom ikkje anna er avtalt med skulen.

Alt fråvær vert registrert. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Dersom ein elev er forhindra frå å møta til opplæringa, eller må forlata opplæringa, skal føresette melda frå til skulen så snart som mogleg.

For inntil ti skuledagar i eit opplæringsår kan eleven krevja at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet, jf. forskrift til opplæringslova § 9-44:

- dokumentert fråvær som skuldast helsemessige årsaker
- innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-2 og kommunal forskrift om permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa.

Fråvær vert ført på vitnemål etter reglane i forskrift til opplæringslova § 9-44.

§ 10.*Juks*
Juks eller forsøk på juks er ikkje tillate. Omgrepet juks kan omfatta ulike forhold, til dømes:

- Bruk av ikkje tillate hjelpemiddel og ikkje tillaten kommunikasjon i ein vurderingssituasjon.
- Å levera inn eller presentera som sitt eige produkt, tekstar, oppgåveløysingar og liknande som er produsert av andre.

Juks eller forsøk på juks kan få konsekvensar for vurdering i åtferd og kan føra til at prøven eller svaret ikkje gir grunnlag for vurdering. Dette kan igjen få betydning for vurderingsgrunnlaget i faget.

Juks eller forsøk på juks til eksamen vil føra til annullering av eksamen og påfølgjande bortfall av standpunktkarakter, jf. reglane i forskrift til opplæringslova § 9-42.

Plagiering av vurderingsoppgåver kan føra til at oppgåva vert vurdert til lågaste karakter. Ved delvis plagiering vil alt som er plagiert verta fjerna og det resterande vil verta vurdert.

§ 11.*Inndraging av gjenstandar*
Ulovlege gjenstandar skal inndragast og overlatast til politiet.

Gjenstandar (til dømes mobiltelefonar, smartklokker eller andre private digitale einingar) som vert brukte i strid med denne forskrifta, eller lokal forskrift, kan mellombels inndragast. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstandar som etter denne forskrifta, eller lokal forskrift, ikkje vert aksepterte.

Dersom skulen inndreg røyk/tobakk/snus eller alkohol frå umyndige elevar, bør desse gjenstandane leverast til foreldra.

§ 12.*Brot på reglane for orden og åtferd*
Grunnskulane i Stord kommune kan nytta følgjande tiltak ved brot på reglane for orden og åtferd:

1. Samtale med ein vaksen om hending med fokus på god, ønska orden og åtferd
2. Munnleg eller skriftleg åtvaring på barnetrinnet. Anmerking på ungdomstrinnet
3. Melding til føresette
4. Samtale med rektor
5. Samtale mellom elev, føresette og rektor
6. Pålegg om å utføra oppgåver før eller etter skuletid for å retta opp skadar som eleven er ansvarleg for
7. Mellombels eller permanent overføring til ei annan klasse eller basisgruppe
8. Bortvising frå undervisninga for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar, jf. opplæringslova § 13-1
9. Bortvising for resten av dagen, opplæringslova § 13-1
10. Bortvising frå undervisninga for inntil tre dagar på 8.–10. årstrinn, jf. opplæringslova § 13-1
11. Mellombels eller permanent skulebyte, jf. opplæringslova § 13-2.

Fysisk refsing og kollektiv straffing er ikkje tillate.

Ein elev kan ikkje verta stengd ute frå skuletur eller anna felles aktivitet som tiltak for tidlegare åtferd. Elevar som under ein pågåande skuletur eller anna felles aktivitet gjer alvorlege eller gjentekne brot på skulereglane, kan likevel heimsendast eller bortvisast. Utestenging/bortvising skal då berre nyttast kor dette er nødvendig og kor dette er siste utveg.

Eleven pliktar å retta seg etter tiltaka. Dersom ikkje eleven retter seg etter tiltaka, kan nye tiltak verta iverksette.

§ 13.*Bruk av fysisk inngrep for å avverje skade med meir jf. opplæringslova § 13-4*
Tilsette i skulen, leksehjelpa og i SFO kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripa inn fysisk mot elevar for å avverja at ein elev

a. krenker ein person fysisk eller psykisk eller utset seg sjølv for fysisk fare

b. skadar på eigedom

c. viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv

d. vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar.

Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

Handlingar som er allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep.

Ved bruk av fysiske inngrep gjeld reglar i opplæringslova § 13-5 om meldeplikt og dokumentasjon.

§ 14.*Melding av straffbare tilhøve*
Skulen vil normalt melda straffbare tilhøve til politiet. For mindre alvorlege tilhøve skal skulen gjera ei konkret vurdering av om melding til politiet er føremålstenleg.

§ 15.*Erstatningsansvar (jf. lov om skadeserstatning §§ 1-1 og 1-2)*
Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan eleven og/eller eleven sine foreldre/føresette verta haldne erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

§ 16.*Sakshandsaming ved bruk av tiltak*
Ved bruk av tiltak gjeld følgjande sakshandsamingsreglar:

- Skulen skal sørga for at avgjerd vert teken på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven har rett til å forklara seg munnleg overfor den som skal ta avgjerda. Skulen skal sørga for at eleven får snakka med nokon han/ho stoler på og i ein situasjon som eleven opplever som trygg.
- Tiltak skal stå i rimeleg forhold til regelbrotet.
- Avgjerda skal grunngjevast (ved avgjerd av særleg betyding skal grunngjevinga verta gitt skriftleg).
- Før avgjerd om bortvising vert fatta skal skulen ha vurdert om det er mogleg å bruka andre tiltak.
- Lærar kan iverksette bortvising frå eiga undervisningsøkt etter § 12 punkt 8.
- Rektor avgjer om tiltaka i § 12 nr. 6, 7, 9 og 10 skal nyttast. Det er òg rektor som set i verk tiltak etter §§ 14 og 15 på vegner av skulen.
- Rektor eller den rektor delegerer myndet til avgjer om tiltaka etter § 12 nr. 1–3 og 6 skal nyttast.
- Kommunalsjef eller den kommunalsjefen delegerer myndet til avgjer om tiltak etter § 12 nr. 11 skal nyttast.
- I alvorlege saker skal mindreårige sine foreldre/føresette varslast så langt det er mogleg. Før foreldre/føresette vert varsla, skal eleven ha moglegheit til å verta høyrd i trygge omgjevnadar. Foreldre/føresette til elevar på årstrinna 1–7 skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av dagen.

Tiltaka i § 12 nr. 9 til 11 er å rekna som enkeltvedtak, og må i tillegg følgja sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

§ 17.*Krav til dokumentasjon*
Dersom tiltak i § 12 vert iverksett mot ein elev, må skulen sikra dokumentasjon. Dokumentasjon må få fram kva elev tiltaket er retta mot, kva reaksjon/tiltak som er gitt, kva ordensregel som er broten, tidspunktet for ordensbrotet, tidspunktet for gjennomføring av tiltaket, korleis eleven har forklart seg, og kva eleven sine foreldre og/eller andre har uttalt. Denne føresegna gjeld ikkje ved merknad etter § 12 nr. 1.

Eleven og/eller eleven sine foreldre skal uoppmoda få ein kopi eller verta gjort kjende med retten til dokumentinnsyn.

§ 18.*Organisering av skuledemokratiet*
Kvar grunnskole skal ha følgjande rådsorgan:

- Samarbeidsutval (SU)
- Skulemiljøutval (SMU)
- Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)
- Elevråd.

SU, SMU, FAU og elevrådet skal organisera seg på den enkelte skule etter reglar som følgjer av opplæringslova kapittel 10.

§ 19.*Kunngjering/opplysingsplikt*
Rektor har saman med kontaktlærarane ansvar for at skulereglane vert gjort kjende for elevar og føresette kvart år ved skulestart. Skulereglane skal vera tilgjengelege på skulen si heimeside. Skulereglane skal takast opp som tema med elevane innan utgangen av august kvart skuleår og på første foreldremøte kvar haust.

§ 20.*Iverksetjing*
Denne forskrifta gjeld frå 1. januar 2026.

Permisjon for elevar ved Nordbygdo ungdomsskule

Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring, Stord kommune, Vestland

§ 1.Formålet med forskrifta

I Norge har barn og unge plikt til grunnskuleopplæring. Ein føresetnad for læring er at elevane deltek i opplæringa. Ferie og andre fritidsaktivitetar skal leggjast i periodar med skulefri. Kva periodar skulen har fri går fram av kommunen si skulerute.

Permisjon er unntak frå plikt til grunnskuleopplæring. Formål med denne forskrifta er å sikra rett og lik handsaming av søknadar om permisjon.

§ 2.Verkeområde

Forskrifta gjeld pliktig grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-2, og gjeld kommunale grunnskular i Stord kommune.

Kommunen skal ha eigne retningsliner for handsaming av søknadar om permisjon.

§ 3.Definisjonar og avgrensing

Permisjon er ein rett elev vert gitt til å vera vekke frå den offentlege grunnskuleopplæringa i ein mellombels periode. Fråvær i tråd med innvilga permisjon reknast som dokumentert fråvær (gyldig fråvær).

Det skal ikkje søkast permisjon for fråvær av helsemessige årsaker (t.d. sjukdom, legebesøk, tannlege). Her skal ein følgja kommunen sine rutinar for melding frå føresette/legeerklæring.

§ 4.Permisjon eleven har rett til

Ifølge opplæringslova § 2-2, 5. ledd har ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, rett til permisjon frå skulen dei dagane som trussamfunnet har heilagdagar. Foreldra må sørgja for at eleven får tilstrekkeleg opplæring slik at eleven klarer å følgja opplæringa på skulen etter fråværet.

§ 5.Øvrige permisjonar

Skulen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Skulen skal gjera ei todelt vurdering. Først skal skulen vurdera om det er forsvarleg å gi eleven permisjon i tråd med søknaden. Om permisjon er forsvarleg, skal skulen vurdera om moglegheit for å gi permisjon skal brukast. Vurdering av barnets beste skal vektleggjast.

Ved vurdering av om permisjon vil vera forsvarleg skal det gjerast ei individuell vurdering og brukast skjøn. Det er forhold som har betydning for eleven si opplæring, skulen skal ta omsyn til i vurderinga. Sentrale moment i vurderinga vil vera:

- Eleven sitt faglege nivå
- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- Eleven sin fråværshistorikk
- Skulen kan leggja vekt på, og setja som vilkår, at eleven får den opplæringa som skal til for at eleven skal kunna følgja med i opplæringa på skulen etter fråværet.

Ved vurdering av moglegheit for å gi permisjon skal følgjande leggjast til grunn:

Skulen skal berre heilt unntaksvis innvilga permisjon i periodar med gjennomføring av:

- Kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar
- Leirskule
- Heildagsprøvar på ungdomsskulen
- Dagar med førebuingstid til og gjennomføring av munnleg og skriftleg eksamen
- Oppstart av nytt skuleår.

§ 6.Permisjonens varigheit/omfang

Om vilkår i §§ 5 og/eller 6 er oppfylt kan skulen innvilga permisjon frå den pliktige opplæringa i inntil to veker (10 skuledagar) i løpet av eit skuleår.

Unntak frå denne regelen er godkjende behandlingsopphald eller behandlingsreiser.

§ 7.Vedtak om permisjon

Føresette må søka om permisjon. Søknad om permisjon skal normalt vera mottatt på skulen ein månad før permisjon skal starta.

Søknad om permisjon vert handsama etter forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak.

Mynde til å fatta vedtak om permisjon er delegert til skulen sin rektor.

Rektor kan delegera til kontaktlærar å innvilga permisjon på inntil 2 dagar.

Avslag på søknad om permisjon skal handsamast av rektor.

§ 8.Klagerett

Etter forvaltningslova § 29 er fristen for å klaga 3 veker frå underretning om vedtak er komme fram til vedkomande part. Etter forvaltningslova § 32 skal klagen sendast det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. Ein eventuell klage sendast skulen. Klagen handsamast av rektor. Om skulen står fast ved vedtaket, skal rektor senda klagen vidare til Statsforvaltaren i Vestland.

§ 9.Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024.

Forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring, Stord kommune, Vestland - Lovdata

Permisjonar søkjer ein til rektor digitalt via Visma, sjå lenkje på heimesida til skulen/Stord kommune.

Forsikring og erstatningsansvar

Kva tid gjeld den obligatoriske forsikringa for skuleborn?

Etter forskrift til opplæringslova skal den obligatoriske skulebarnsforsikringa gje eleven dekking for ulukkesskade som har skjedd

- På opplæringsstaden i opplæringstida
- På veg mellom heim og opplæringsstad
- Under praktisk yrkesopplæring og opplæring i arbeidslivet som er et ledd i opplæringa, og på veg mellom heim og arbeidsplass
- Under transport, skuleturar, idrettsdagar, leirskuler og liknande som skulen er ansvarleg for

- Under Operasjon Dagsverk og andre liknande elevaktivitetar, og mellom heimen og den staden kor aktiviteten skal skje

Utgangspunktet er at forsikringa dekker alle aktivitetar som skulen er ansvarleg for. Det inkluderer i utgangspunktet eit kvart arrangement, også sosiale samkomer, som er i skulens regi.

I tillegg omfattas opplæring som skulen gir i heimen når eleven på grunn av sjukdom får opplæringa si der.

Kva reglar gjeld for erstatningsansvar for elevar?

Barn og unges erstatningsansvar er regulert i skadeerstatningslova § 2-1. Etter denne lova er barn og unge erstatningspliktig for skader dei har forårsaka utan aktsemd eller forsettleg. Ved vurderinga av «utan aktsemd» skal ein leggja vekt på barnet/ungdommen sin alder og mogning. Barnet er berre erstatningsansvarleg dersom han eller ho er moden nok til å sjå følgjene av handlingane sine. I dei tilfella barn under 18 år ikkje har pengar til å erstatta skaden, kan foreldra holdas ansvarleg for 5000 kr per skadevoldte handling.

Foreldra kan berre holdas ansvarleg når barnet har opptredd forsettleg eller utan aktsemd, eller dersom foreldra kan lastast for ikkje å hatt godt nok tilsyn.

Skader som ikkje vert dekka via skadeerstatningslova, vert rekna i juridisk teori som ”dagleglivets risiko” og må dekkas av eigaren sjølv. For bilar og andre dyre gjenstandar kan eigaren vanlegvis teikne forsikring mot dette. I praksis taper bileigaren gjerne eigenandel og bonus.»

Undervisning for elevar på ettermiddag og kveldstid

Nordbygdo ungdomsskule har nokre faste aktivitetar på trinna som gjer at elevane nyttar noko av skuledagen på ettermiddag og kveldstid, td. teatertur, Ung på Stord og show på 10.trinn.

Opplæringslova seier ikkje noko direkte om slike tilfelle. Me har bede kommunen om å sjekka kva lovverket seier. Her er uttale frå Info Consensus:

«*Når det gjelder undervisning på kveldstid, så er det ingen sentralt gitte retningslinjer, men det er ikke uvanlig at skolene har noen obligatoriske økter på kveldstid som elevene får "avspasere" senere. Der dette kommer i konflikt med elevenes sportsaktiviteter, må de da velge om de vil møte til det obligatoriske kveldsarrangementet eller prioritere trening, og slik sett få fravær fra undervisningen. Dersom foresatte søker eleven fri, så må skolen innvilge eller avslå denne søknaden.*

Slik vi ser det, har ikke eleven rett til undervisning på dagtid når de andre elevene avspaserer. Likevel er det nok ikke uvanlig at skolen lar eleven følge en annen klasse alternativt jobber med eget opplegg på et grupperom dersom det er muligheter for dette, men at det nok ikke er en rettighet som eleven kan påberope seg.

Bruk av bilete

Skulen og kommunen har ei Facebookside og heimeside som mellom anna skal vera eit bindeledd mellom heimen og skulen. Ein del av det som vert vist på sidene er bilete av elevar i leik og arbeid ved skulen. Det vert ikkje skrive namn på elevane knytt til desse bileta, berre årstrinn.

http://www.stord.kommune.no/Nordbygdo-ungdomsskule/

Datatilsynet sine lover og reglar vedkommande person-identifikasjon gjeld. Personar over 15 år kan sjølv gje tilsegn/reservera seg. Føresette gjer tilsegn/reserverer for personar under 15 år. Dette gjere de på Visma under samtykke.



Klypp ut denne sida

Svarslipp Nordbygdo ungdomsskule 2026 -2027

Levèr svarslipp til kontaktlærar snarast råd

Kontaktopplysingar

Me ber om at nye elevar og elevar på 8.trinn fyller ut opplysingane nedanfor, slik at me er sikra oppdaterte lister om me treng å ta kontakt med heimen.

Etternamn og fornamn mor:	Etternamn og fornamn far:
Adresse:	Adresse:
Telefonnr. Privat/mobil/arbeid	Telefonnr. Privat/mobil/arbeid
E-post:	E-post:
Eleven sitt mobilnr.	

* .....bur med : ☐ begge foreldra ☐ med mor ☐ med far ☐ delt dagleg omsorg (annakvar veke)

Eleven sitt namn

* Eleven sin fastlege er : .....tlf:.....

Elev og føresette er kjend med innhaldet i dette heftet.

---------- ---------- ----------

Dato underskrift føresette underskrift elev trinn